



## Møteprotokoll

---

|               |                                   |
|---------------|-----------------------------------|
| <b>Utval:</b> | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  |
| <b>Stad:</b>  | Skjenet 2, møterom i andre etasje |
| <b>Dato:</b>  | 16.04.2018                        |
| <b>Tid:</b>   | 09:00 - 15:30                     |

---

### Medlemer som møtte:

|                         |           |                             |
|-------------------------|-----------|-----------------------------|
| Kari-Anne Landro        | Leiar     | H                           |
| Marianne Sandahl Bjørøy | Nestleiar | AP                          |
| Børge Haugetun          | Nestleiar | TVØ                         |
| Egil Haaland            | Medlem    | AP                          |
| Tom Georg Indrevik      | Medlem    | H                           |
| Odd Bjarne Skogestad    | Medlem    | KRF                         |
| Svein Petter Bergh      | Medlem    | SL – gjekk under sak 33/18  |
| Olav Kobbeltveit        | Medlem    | V                           |
| Nils Kåre Skoge         | Medlem    | H                           |
| Jogeir Sognæs           | Medlem    | AP                          |
| Silvia Haugland         | Medlem    | TVØ – gjekk etter sak 31/18 |
| Espen Harkestad         | Medlem    | AP                          |
| Ingrid Marie Toft       | Medlem    | H                           |

---

### Forfall:

|                          |      |     |
|--------------------------|------|-----|
| Anita Garlid Johannessen | MEDL | FRP |
| Kjell Arve Vorland       | MEDL | SP  |
| May Elin Limevåg         | MEDL | FRP |
| Ernst Morten Einarsen    | MEDL | H   |

---

### Varamedlemer som møtte:

|                       |                              |                             |
|-----------------------|------------------------------|-----------------------------|
| Daniel-Victor Sandvik | for Anita Garlid Johannessen | FRP – gjekk under sak 33/18 |
| Jørgen Kausland       | for May Elin Limevåg         | H                           |
| Ørjan Telle           | for Kjell Arve Vorland       | AP                          |
| Helena Morland Hansen | for Ernst Morten Einarsen    | H                           |

---

### Andre:

Prosjektadministrasjonen v/ spesialrådgjevar Willy Sørensen, rådmann i Sund kommune  
Rune Lid, ordførar i Fjell kommune og utvalsleiar Marianne Sandahl Bjørøy, utvalsleiar Atle Dávøy, møtesekretær Unni Rygg.

---

Børge Haugetun

Kari-Anne Landro  
underskrifter

Marianne Sandahl Bjørøy

---

# SAKSLISTE

| Saksnr   | Innhald  |
|----------|--|
| PS 26/18 | Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok  |
| PS 27/18 | Referatsaker og orienteringar  |
| RS 2/18  | Referat Regionrådet Vest 12.03.2018  |
| RS 3/18  | Referat partssamansett utval 22.03.2018  |
| PS 28/18 | Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda  |
| PS 29/18 | Endring i prosjektorganisering - Nye Øygarden kommune  |
| PS 30/18 | Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune                                       |
| PS 31/18 | Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur   |
| PS 32/18 | Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar  |
| PS 33/18 | Lokaldemokrati og identitet - rammebudsjett for tiltak og arrangement                          |
| PS 34/18 | Deltaking i prøveordning - Overtaking av ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå 2020 |

## **PS 26/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Innkalling og protokoll frå førre møte, 19.03.2018, vart godkjente utan merknadar.

Sakslista vart godkjent med følgjande kommentar frå leiar Kari-Anne Landro;

Det vert ei ekstra orientering frå rådmannen i Sund, Rune Lid, protokollert under sak 27/18.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

## **PS 27/18 Referatsaker og orienteringar**

- Notat frå arbeidsgruppe for Fjell, Sund og Øygarden eldreråd (vedlegg)
- Orientering om studietur til København 27.-29.mai v/ kst. rådmann Lillian Torsvik
  
- RS 2/18 Referat Regionrådet Vest 12.03.2018
- RS 3/18 Referat partssamansett utval 22.03.2018

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

## **Referatsaker og orienteringar**

Orientering om studietur til København 27.-29.mai v/ kst. rådmann Lillian Torsvik:  
Torsvik informerte om detaljerte flytider og informasjon om hotellet der fellesnemnda skal overnatte på studiereisa. I tillegg viste Torsvik til stadfesta delar av programmet, men at eit endeleg program for studiereisa vil sendast ut på e-post til alle deltakarane så snart det er klart.

Orientering etter vedtak i sak 30/18 – om prosjektorganisasjonen v/rådmann i Sund kommune og prosjektrådmann i Nye Øygarden kommune, Rune Lid:

Lid informerte om prosjektmetode, prosjektverktøy og overordna prosjektmodell, med særskilt vekt på styringsgruppa som består av rådmennene, delprosjektleiarar og dei tillitsvalde. Lid gav også døme på aktuelle delprosjekt som skal setjast i gang innan dei ulike tenestoområda og administrativ organisering inkludert tidslinje fram til tilsetjing av ny rådmann 01.01.2019.

Referatsaker og orienteringar vart elles tekne til orientering.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Referatsaker og orienteringar vart tekne til orientering.

## **RS 2/18 Referat Regionrådet Vest 12.03.2018**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Leiar Kari-Anne Landro gjorde fellesnemnda særskilt merksam på sak 3/18 om Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune, sak 4/18 om Val av ny tomt til nye Sotra Vidaregåande skule, og sak 5/18 om Havrom 2018, i referatet frå møtet i Regionrådet Vest 12.03.18.

Referatsaka vart elles teken til orientering.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 3/18 Referat partssamansett utval 22.03.2018**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Leiar Kari-Anne Landro gjorde fellesnemnda merksam på at partssamansett utval vil få sak 7/18 om Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden, til ny behandling i nytt møte i partssamansett utval 17.04.18.

Referatsaka vart elles teken til orientering.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **PS 28/18 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart heller ikkje stilt spørsmål under behandling av saka.

## **PS 29/18 Endring i prosjektorganisering - Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda godkjenner følgjande endringar i prosjektorganisering for Nye Øygarden kommune:

1. Mellombels modell for prosjektstyring slik det går fram av saka er at dei tre rådmennene får eit særskild ansvar for gjennomføring av prosjektet fram til 31.12.18.
2. Rune Lid vert tilsett som fungerande prosjektrådmann fram til og med 31.12.18.
3. Rune Lid får tilbod om stilling som assisterande rådmann i Øygarden kommune frå 01.01.20.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Leiar Kari-Anne Landro kom med framlegg om følgjande justeringa av innstillinga punkt 2 og punkt 3:

- Punkt 2 – stryke ordet «fungerande»
- Punkt 3 – stryke ordet «som» og erstatte det med ordet «tilsvarande»

Innstillinga punkt 2 og punkt 3, med framlegget om justering av ordlyden, vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Fellesnemnda godkjenner følgjande endringar i prosjektorganisering for Nye Øygarden kommune:

1. Mellombels modell for prosjektstyring slik det går fram av saka er at dei tre rådmennene får eit særskild ansvar for gjennomføring av prosjektet fram til 31.12.18.
2. Rune Lid vert tilsett som prosjektrådmann fram til og med 31.12.18.
3. Rune Lid får tilbod om stilling tilsvarende assisterande rådmann i Øygarden kommune frå 01.01.20.

## **PS 30/18 Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda godkjenner prosess og tidsplan for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune, som vist i saka.
2. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å gjennomføra prosessen med tilsetjing av rådmann for nye Øygarden kommune.

3. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å kjøpa ekstern konsulentbistand slik det er gjort greie for i saka.
4. Fellesnemnda vedtek slikt tilsetjingsutval:
  - a. Dei tre ordførarane
  - b. I tillegg eit ekstra medlem .....
  - c. 3 tillitsvalte, 1 frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Fellesnemnda diskuterte saka grundig.

Framlegg frå Egil Haaland til innstillinga punkt 4 b), namn på ekstra medlem i tilsetjingsutvalet:

Odd Bjarne Skogestad (KrF).

**Innstillinga punkt 4**, saman med **framlegget** om namn på ekstra medlem i innstillinga **punkt 4 b)**, vart **samrøystes vedteke**.

Basert på munnleg forslag frå Tom Georg Indrevik kom leiar Kari-Anne Landro med følgjande framlegg til nytt punkt 5:

5. Fellesnemnda får tilbake ei drøftingssak i junimøtet som skildrar val av rådgjevande ressurs, korleis ein nyttar seg av administrative ressursar, stillingsprofil, prinsipp for kompensasjon og vurdering knytt til fast stilling vs. åremål.

Framlegget om **nytt punkt 5** vart **samrøystes vedteke**.

**Innstillinga punkt 1-3** vart elles **samrøystes vedtekne**.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

1. Fellesnemnda godkjenner prosess og tidsplan for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune, som vist i saka.
2. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å gjennomføra prosessen med tilsetjing av rådmann for nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å kjøpa ekstern konsulentbistand slik det er gjort greie for i saka.
4. Fellesnemnda vedtek slikt tilsetjingsutval:
  - a. Dei tre ordførarane
  - b. I tillegg eit ekstra medlem: Odd Bjarne Skogestad (KrF)
  - c. 3 tillitsvalte, 1 frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte
5. Fellesnemnda får tilbake ei drøftingssak i junimøtet som skildrar val av rådgjevande ressurs, korleis ein nyttar seg av administrative ressursar, stillingsprofil, prinsipp for kompensasjon og vurdering knytt til fast stilling vs. åremål.

# PS 31/18 Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur

## Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur til grunn for den politiske organiseringa av Nye Øygarden kommune, inkludert framlegg til reglement for delegering av politisk mynde, reglement for møte, og ordningar for godtgjersle for dei folkevalde.
2. Fellesnemnda legg til grunn utvalet si tilråding av politisk organisasjonsmodell med same struktur (formannskap, to hovudutval og kontrollutval), og med dei same namn og funksjonar som går fram av rapporten.
3. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til møtetidspunkt for kommunestyret, formannskapet og hovudutvala vert gjeldande i Nye Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til andre utval enn hovudutvala,- jf kap.7 i sluttrapporten, vert implementert i organiseringa av Nye Øygarden kommune.
5. Fellesnemnda godkjenner dei ulike satsane og ordningane for godtgjersle til folkevalde som går fram av del 4, kap 19 – 24 i rapporten.

## Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:

Ordførar i Fjell kommune og leiar av utvalet for politisk styringsstruktur, Marianne Sandahl BJORØY, presenterte utvalet sin sluttrapport. BJORØY la vekt på mandatet som utvalet jobba etter og korleis arbeidet har blitt organisert i fire delar – politisk organisering, delegering av politisk mynde, reglement for møte, ordningar for godtgjersle.

Etter presentasjonen diskuterte fellesnemnda saka grundig med vekt på at utvalet sin sluttrapport bør sendast ut på høyring. Det vart semje om å kome med nye framlegg som kan erstatte innstillinga.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om følgjande nytt punkt 1:

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport for utval for politisk styringsstruktur ut på høyring til dei tre kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden med frist slik at ein rekk tilbake med sak til Fellesnemnda 18. juni 2018. Før den vert sendt på høyring må det leggast ved ei oversikt over fordelar og ulemper ved 4 utval, 3 eller 2 utval.

Framlegg om **nytt punkt 1** vart **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om følgjande nytt punkt 2:

2. Fellesnemnda legg til grunn ein politisk organisasjonsmodell med formannskap, **to** hovudutval og kontrollutval.

Framlegg frå Daniel-Victor Sandvik om følgjande nytt punkt 2:

2. Fellesnemnda legg til grunn ein politisk organisasjonsmodell med formannskap, **tre** hovudutval og kontrollutval

Framlegg frå Landro om to hovudutval, vart sett opp mot framlegget frå Sandvik om tre hovudutval. Framlegget frå Sandvik fekk fire røyster (FrP, SL, 2 H) og fall.

Framlegget frå Landro om **nytt punkt 2 med to hovudutval** vart såleis **vedteke med 13 røyster**.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om følgjande nytt punkt 3:

3. Fellesnemnda vil ta endeleg stilling til saka når saka har vore på høyring

Framlegget om **nytt punkt 3** vart **samrøystes vedteke**.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport for utval for politisk styringsstruktur ut på høyring til dei tre kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden med frist slik at ein rekk tilbake med sak til Fellesnemnda 18. juni 2018. Før den vert sendt på høyring må det leggjast ved ei oversikt over fordelar og ulemper ved 4 utval, 3 eller 2 utval.
2. Fellesnemnda legg til grunn ein politisk organisasjonsmodell med formannskap, to hovudutval og kontrollutval.
3. Fellesnemnda vil ta endeleg stilling til saka når saka har vore på høyring.

### **PS 32/18 Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar**

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda vedtek å leggja sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar til grunn for organisering av eigarskap i Nye Øygarden kommune. I dette også tilknytning til samarbeids- og interesseorganisasjonar og andre slik det går fram av rapporten.
2. Etter fellesnemnda si første handsaming vert rapporten sendt ut på høyring, jamfør saksutgreiing, med høyringsfrist 22. mai. Fellesnemnda slutthandsamar saka og rapporten i møtet 18.juni.

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Eit av medlemene i utvalet, Silvia Haugland, var gått frå møtet då behandlinga av denne saka byrja slik at det var 16 medlemer til stades ved votering.

Leiar av utvalet for eigarskapsmodellar, Atle Dåvøy, presenterte utvalet sin sluttrapport. I sluttrapporten kjem utvalet med forslag til eigarskapsstruktur for dei ulike selskapa og driftsorganisasjonane i nye Øygarden kommune. Dåvøy viste til at utvalet har hatt særskilt fokus på VAR-tenestene (vatn-avlaup/ renovasjon), næringsutvikling, næringseigedomshandling, eigedomshandling (kommunale bygg), brann- og redningstenesta. Ei eiga analyse har verdsett utvalde område med kriterievekting som grunnlag for utvalet sine vurderingar og tilrådingar.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om følgjande justering og presisering av innstillinga punkt 2:

2. Etter fellesnemnda si første handsaming vert rapporten sendt ut på høyring, jamfør dei som er nemnd i saksutgreiinga og i tillegg dei tre kommunestyra, med høyringsfrist 23. mai. Fellesnemnda slutthandsamar saka og rapporten i møtet 18. juni.

Framlegget om **justert og presisert punkt 2** vart **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om nytt punkt 3:

3. Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram eit forslag til prioritering i høve til for kva tenestemråde ein må starta prosessen først – også knytt til juridiske vurderingar og at dei enkelte kommunestyre eventuelt må gjere eigne vedtak om oppløysing eller liknande.

Framlegget om **nytt punkt 3** vart **samrøystes vedteke**.

**Innstillinga punkt 1** vart **samrøystes vedteken**.

Marianne Sandahl Bjorøy fremja følgjande **protokolltilførsel** på vegne av fellesnemnda sine medlemmer frå Arbeidarpartiet – Jogeir Sognnes, Egil Haaland, Ørjan Telle, Marianne Sandahl Bjorøy og Espen Harkestad:

Arbeiderpartiet sine medlemmer i fellesnemnda ynskjer å synleggjere eit avvikande syn i forhold til konklusjonar knytt til selskapsstruktur i rapport om eigarskapsmodellar:

1. Fellesnemnda tilrår at tenestene knytt til vatn- og avlaup organiserast i eit nytt selskap – Øyvar AS. Sak om organisering av renovasjonstenestene vil bli fremja i eiga sak.
2. Fellesnemnda tilrår at Øygarden brann og redning IKS i nye Øygarden kommune vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).
3. Fellesnemnda tilrår at eigedomsforvaltinga i nye Øygarden kommune vert organisert som ei kommunal eining (KE).
4. Fellesnemnda tilrår at næringsseigendomar og annan kommunal eigedomsmasse vert ein del av Øygarden kommune sin driftsorganisasjon.
5. Fellesnemnda meiner at Øygarden næring- og utvikling AS er for prematurt per dags dato. Det må gjerast ei meir grundig analyse knytt til eigarskap, berekraft, formål og finansiering. Spørsmålet om eit aksjeselskap knytt til næring og utvikling må utsetjast til ny kommune er etablert etter 01.01.2020.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

1. Fellesnemnda vedtek å leggja sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar til grunn for organisering av eigarskap i Nye Øygarden kommune. I dette også tilknytning til samarbeids- og interesseorganisasjonar og andre slik det går fram av rapporten.
2. Etter fellesnemnda si første handsaming vert rapporten sendt ut på høyring, jamfør dei som er nemnd i saksutgreiinga og i tillegg dei tre kommunestyra, med høyringsfrist 23. mai. Fellesnemnda slutthandsamar saka og rapporten i møtet 18. juni.
3. Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram eit forslag til prioritering i høve til for kva tenestemråde ein må starta prosessen først – også knytt til juridiske vurderingar og at dei enkelte kommunestyre eventuelt må gjere eigne vedtak om oppløysing eller liknande.



# **PS 33/18 Lokaldemokrati og identitet - rammebudsjett for tiltak og arrangement**

## **Innstilling:**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

To medlemmer av utvalet, Daniel-Victor Sandvik og Svein Bergh, gjekk frå møtet under behandlinga av saka. Det var såleis berre 14 medlemmer til stades under voteringa.

Leiar av arbeidsgruppe lokaldemokrati og identitet (ILD), Tom Georg Indrevik, presenterte arbeidet som vart gjort i gruppa og viste til forslag til innstilling i slutten av presentasjonen.

Basert på forslaget frå Tom Georg Indrevik og debatten under behandlinga av saka kom leiar Kari-Anne Landro med nytt og skriftleg framlegg i tre punkt, som vart **samrøystes vedteke**:

1. Fellesnemnda sluttar seg til prosjekt og aktivitetar slik det er skissert i saka med følgjande korrigeringar og føringar:  
Kyrkja må involverast, bygdevandring som tillegg til Kystpass, Fjell festning light festival + andre samlande eksisterande arrangement.
2. Fellesnemnda sluttar seg til rammebudsjettet slik det er skissert for 2018, unntatt den posten som gjeld marknadsføring, kommunikasjon og profilering (inkl bruk av logo). Prosjektrådmann kjem tilbake til denne posten i junimøtet. Budsjett for 2019 må sjåast i samanheng med heile budsjettprosessen for fellesnemnda for 2019. Ein ber spesielt om at løyvingar til MOT-festival vert avklart snarast sett opp mot løyvingar som er gitt i kvar enkelt kommune.
3. Fellesnemnda ber om at det i august 2018 vert presentert ny status for prosjektet.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til prosjekt og aktivitetar slik det er skissert i saka med følgjande korrigeringar og føringar:  
Kyrkja må involverast, bygdevandring som tillegg til Kystpass, Fjell festning light festival + andre samlande eksisterande arrangement.
2. Fellesnemnda sluttar seg til rammebudsjettet slik det er skissert for 2018, unntatt den posten som gjeld marknadsføring, kommunikasjon og profilering (inkl bruk av logo). Prosjektrådmann kjem tilbake til denne posten i junimøtet. Budsjett for 2019 må sjåast i samanheng med heile budsjettprosessen for fellesnemnda for 2019. Ein ber spesielt om at løyvingar til MOT-festival vert avklart snarast sett opp mot løyvingar som er gitt i kvar enkelt kommune.
3. Fellesnemnda ber om at det i august 2018 vert presentert ny status for prosjektet.

## **PS 34/18 Deltaking i prøveordning - Overtaking av ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå 2020**

### **Innstilling:**

#### *Fellesnemnda vedtek:*

Nye Øygarden kommune er positiv til å delta i Helse- og omsorgsdepartementet si prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta i dei tre kommunane, i samsvar med dei rammene som ligg til grunn for ordninga.

Saka skal vidaresendast til dei tre kommunestyra til orientering.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

Det var 14 medlemmer til stades av utvalet under voteringa av saka.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:**

#### *Fellesnemnda vedtek:*

Nye Øygarden kommune er positiv til å delta i Helse- og omsorgsdepartementet si prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta i dei tre kommunane, i samsvar med dei rammene som ligg til grunn for ordninga.

Saka skal vidaresendast til dei tre kommunestyra til orientering.